

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/657-1

Fråsegn til Jordbruksmeldinga "Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon" - Meld. St. 11 (2016-2017)

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Framtidig jordbrukspolitikk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
2. Omsynet til kostnadseffektiv matproduksjon må ikkje gå føre dei langsiktige, overordna måla for landbrukspolitikken: Mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så lang som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å hindre attgroing og stimulere til eit aktivt jordbruk.
5. Det bør framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjolk i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar bør ikkje fjernast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter bør ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Velferdsordningar og inntektsmoglegheiter må også vektleggast i framtidig politikk.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette. Det må og setjast av midlar til t.d. grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak bør vurderast nærare.

Vedlegg:

- Innspel til jordbruksforhandlingane 2017, datert 25. november 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Sak til FU 119/16 – Jordbruksforhandlingane 2017 og saksprotokoll
- Sak til HNK 19/2016 - Innlegg til melding om jordbrukspolitikken og saksprotokoll

Andre dokument som ligg elektronisk ved:

- Meld. St. 11 (2016-2017) Melding til Stortinget – Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/37566c89c95f410e9bbec04265a7145f/no/pdfs/stm201620170011000dddpdfs.pdf>

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Den nye jordbruksmeldinga vart godkjent i Statsråd 9. desember 2016, og har skapt debatt også her i fylket. Det har vore eit politisk ynskje om å fremje ei sak, og initiativet er i dette tilfelle kome frå kjem frå leiaren i hovudutval for næring og kultur (HNK).

Historikk - tidlegare vedtak

Landbruks- og matdepartementet inviterte 26. januar 2016 til å kome med innspel til meldinga om jordbrukspolitikken. Fristen var kort, men HNK handsama saka 2. februar og fylkeskommunen sende eit innspel.

Pga. den korte fristen vart ikkje saka veldig omfattande, og det var heller ikkje noko konkret framlegg å uttale seg om på dette tidspunktet. HNK gjorde følgjande vedtak:

1. Sogn og Fjordane har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:
 - a. Det er behov for forskning og utvikling innan grovfôrproduksjon slik at ny teknologi og kunnskap kan bidra til meir effektivt husdyrhold.
 - b. Investeringsstøtta til driftsbygningar må aukast kraftig om mjølkeproduksjon og produksjon av kjøt frå storfe skal oppretthaldast i tråd med nye retningslinjer frå 2024.

Fylkeskommunen sender kvart år innspel til dei årlege jordbruksforhandlingane. Innspela er basert på møte mellom landbruksorganisasjonane i fylket, fylkesmannen, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. FU vedtok fylkeskommunen sitt høyringsinnspel til Jordbruksforhandlingane 2017 i sak 119/16 i november 2016. Mykje av dette er relevant også i denne saka.

Sentrale problemstillingar

Meldinga er omfattande (160 sider). Det er ikkje høve til å gå inn på alle tema her. Fylkesrådmannen har gjort eit utval basert på det vi meiner er sentralt, tema som har vore prioritert i tidlegare saker og tema der det har vore stor debatt. Vi har sjølv sagt også konsentrert oss om dei sakene som vi meiner er særskilt relevante for Sogn og Fjordane.

Andre opplysningar – saksgang

Meldinga er no til handsaming i næringskomiteen som har frist for å gje si innstilling innan 7. mars 2017. Saka skal deretter handsamast i Stortinget.

2. Jordbruket i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er eit aktivt landbruksfylke og næringa utgjer hos oss ein større del av total-sysselsettinga og næringsstrukturen enn i andre fylke. Fylket følgjer likevel dei same trendane som elles i landet med meir effektiv produksjon, stadig større bruk og nedgang i tal sysselsette. Sogn og Fjordane har ein topografi som naturleg avgrensar kor store bruka kan vere og som gjer at det er meir arbeidskrevjande å produsere her i fylket enn t.d. i delar av Rogaland og Trøndelagsfylka. Næringsmiddelindustrien er den største industrigreina i industrifylket Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane har gode føresetnadar for å produsere mat basert på grovfôr. Dette pregar hovudproduksjonane våre: mjølk og storfe frå kjøtt og sau. Vidare har fylket gode produksjonsmiljø for frukt og bær. Desse miljøa har hatt sær gode resultat dei siste åra. Tala syner at tal dyr, areal og produksjon generelt minkar. Fylket følgjer dei same trendane som elles i landet, med færre og større bruk. Dei negative utviklingstrekka er sterkare i Sogn og Fjordane enn i resten av landet. For meir detaljar viser vi til FU sak 119/16 med innspel til jordbruksforhandlingane 2017.

Verdiskapingsplanen er ein regional plan for verdiskaping i fylket, og gjeld for 2014-25. Landbruk kom med som satsingsområde i verdiskapingsplanen i 2016, og byggjer på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane.

Verdiskapingsplanen slår m.a. fast at det er viktig at den nasjonale politikken gjev svar på regionale utfordringar. Vi vil at tilskotsramma for bedriftsretta investeringsmidlar vert dobla, sikre framleis differensierte og målretta tilskotsordningar som tek omsyn til ulike drifts- og arealforhold, og arbeide for styring av dei nasjonale ordningane som stimulerer til drift av jordbruksareal og planteproduksjon.

3. Vurderingar og konsekvensar

Målstruktur

Dei fire overordna måla for landbrukspolitikken ligg fast som tidlegare: Mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Dette er positivt og det er viktig med ein føreseieleg landbrukspolitik.

Samstundes seier regjeringa i kap. 8 at hovudføremålet med jordbrukspolitikken skal vere ein kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa legg stor vekt på produksjonsmålet, og meiner at effektiv matproduksjon skal vege tungt samanlikna med andre omsyn. I praksis betyr dette m.a. at regjeringa vil legge til rette for bruk som har høve til å utvikle produksjonen og redusere kostnadane per produsert eining.

Eit hovudføremål om kostnadseffektiv matproduksjon vil ofte kome i konflikt med dei overordna måla. Viss ein skal legge til rette for landbruk over heile landet kan ikkje alltid kostnadsomsyn gå føre. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare, og det må produserast trygg mat på ein berekraftig og klimavenleg måte.

Bedriftsretta verkemiddel

Regjeringa seier i meldinga kap. 9.6 at den regionale partnerskapen ikkje lenger skal ha høve til å utforme regelverk og detaljerte føringar for bruk av dei bedriftsretta verkemidla. Ein grunnlegg dette med at omfanget av føringar som ligg til grunn for bruken av midlar er betydeleg, og at det då vert særleg krevjande å opne for detaljerte regelverk og føringar på regionalt nivå, samt ulik praksis mellom fylka. Regjeringa legg likevel opp til at den regionale partnerskapen framleis skal ha ei viktig strategisk rolle i arbeidet med regionalt bygdeutviklingsprogram.

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at det har vore auka avsetjing til investerings- og bedriftsutviklingsordninga dei siste jordbruksoppgjera. Men IBU midlane vert brukt opp tidleg på året, og dei samla løyvingane bør difor aukast.

Regjeringa meiner det er viktig å forenkle ordningane i jordbrukspolitikken for å bidra til ein meir effektiv og lønsam sektor. Grunnlaget for bedriftsretta investeringar skal vere basert på lønsemdsvurderingar. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å ha eit regelverk der ikkje berre dei store bruka vert tilgodesett, men at ein også tek omsyn til strukturen og ressursgrunnlaget i fylka. Investeringar må tilpassast behovet i dei ulike fylka.

Det kan vere mogleg å gjere forvaltninga av midlane enklare, men å ta vekk den regionale påverknaden er ikkje vegen å gå. FU la også vekt på dette gjennom si høyringsfråsegn til jordbruksoppgjeret for 2017.

Utnytting av ressursar - grovfôr og utmark

I kap. 8.2 vert det slått fast at Stortinget ved dei siste jordbruksoppgjera har lagt vekt på at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Dette betyr at husdyrproduksjon så langt som mogleg byggje på norsk grovfôrareal, beitebruk og norske fôrvarer. Regjeringa vil sikre grunnlaget for den geografiske produksjonsfordelinga og legge til rette for auka bruk av norske fôrressursar. Regjeringa legg m.a. vekt på at dette er avgjerande for å auke husdyrproduksjonen og bruke arealressursane i heile landet.

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at dette punktet vert trekt fram og det er viktig at grovfôrareal og beite vert nytta godt. Ein stor del av verdiskapinga frå landbruket i Sogn og Fjordane kjem frå husdyrproduksjon. Heile 98% av arealet vert nytta til grovfôrproduksjon.

Fylket har stor og god tilgang på grovfôr og utmarksbeite, noko som må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil vere med på å hindre attgroing og stimulere til eit aktivt jordbruk. Dette er også viktig i reiselivssamanheng. Samstundes er det i eit fylke som Sogn og Fjordane viktig å ta i vare innmarksbeita og også ha verkemiddel som sikrar dette.

Marknadsordningar

Føremålet med marknadsbalansering av jordbruksråvarer er å sikre ei stabil forsyning av varer i alle marknader til tilnærma lik pris. Den skal også sikre produsentane stabil avsetning og stabile prisar i tråd med jordbruksavtalen.

Regjeringa ynskjer sterkare konkurranse i konserveringsmiddelindustrien. Regjeringa vil vidareføre prinsippa i marknadsbalanseringssystemet for kjøt og kumjøl, men gjere justeringar for å styrke konkurransen. I andre sektorar vil regjeringa gjere forenklingar og endringar slik at ordninga blir meir uavhengig av samvirka, redusere risiko for konkurransevriding og forenkle verkemiddelbruk.

Fylkesrådmannen ser ikkje vekk frå at einskilte endringar i marknadsordningane kan vere fornuftig, men nokre endringar kan svekke distriktslandbruket. Regjeringa føreslår å fjerne marknads-balanseringa av geitmjøl, egg og korn. Sogn og Fjordane har lite kornproduksjon, og endringane vil såleis ikkje få direkte konsekvensar. Å fjerne marknadsbalansering av geitemjøl og egg vil få konsekvensar for bruk i Sogn og Fjordane. Begge endringane vil føre til ein enno sterkare geografisk konsentrasjon av produksjonen. For egg forsvinn mottaksplikta. Produksjonen av egg i fylket utgjer 2,3 % av landssnittet og fylket er såleis relativt lite med omsyn til produksjon av egg, men endringane vil få store konsekvensar for dei som driv aktivt og har investert mykje. For geitmjøl utgjer produksjonen i Sogn og Fjordane om lag 15% av landssnittet. I tillegg til sjølve produksjonskonsekvensane er geitehaldet viktig for kulturlandsskapet i fylket.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å legge til rette for vidare produksjon av egg og geitemjøl i Sogn og Fjordane, og ikkje berre prioritere dei bruka som ligg nærast mottaksapparatet.

Regjeringa vil også endre tal produksjonsregionar for kumjøl frå 19 til 10. Fylkesrådmannen meiner dette vil gje større sentralisering av produksjonen, og vere negativt for distriktslandbruket. Dette kan også føre til at areal går ut av bruk i distrikta, medan det blir sterkare press på areal nokre stader. FU har sagt i uttalen til jordbruksforhandlingane at dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter bør ligge fast.

Rekruttering, utdanning og kompetanseordningar

Dette temaet vert omtala i kap. 11. Det er her ikkje varsla store endringar, men ein del område skal vurderast nærare. M.a. vil ein sjå på ein nasjonal modell for vaksenagronomutdanning. Dei seinare åra har fylkeskommunen fått midlar frå landbruksdepartementet til rekruttering og kompetanseheving der vi m.a. har finansiert tilbodet om vaksenagronom i Sogn og Fjordane, samstundes som det er sett i verk nasjonale ordningar som t.d. mentorordning. Fylkesrådmannen meiner det framleis er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving innan landbruket. Vaksenagronom er eit vellukka tiltak som må prioriterast vidare. Velferdsordningar og inntektsmoglegheiter må vektleggast.

Klima og miljø

Det er positivt at meldinga legg vekt på klima og miljøomsyn og vi trekk særleg fram kap. 12.2.6 om kunnskapsgrunnlag. Det er her eit stort kunnskapsbehov og fylkesrådmannen er einig i at slik forskning må vere ein viktig del av norsk klimaforsking.

Fylkesdelplan for klima og miljø slår fast at Sogn og Fjordane gjennom å satse på tiltak som er mest effektive for landbruket skal vere ein aktiv medspelar for å nå nasjonale mål for reduksjon av klimagassutslepp.

I meldinga står at klimatiltak ikkje skal føre til auka subsidiar til jordbruket. Fylkesrådmannen meiner dette bør vurderast nærare. Det bør setjast av tilstrekkelege ressursar både for å sikre

eit godt kunnskapsgrunnlag, og til gode klimatiltak som til dømes grøftetilskot. Kompensasjon (for bonden) som følgje av klimatiltak bør vurderast nærare.

4. Konklusjon

Det er heilt sentralt at framtidig jordbrukspolitikk tek i vare omsynet til fylket sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare. I eit fylke med Sogn og Fjordane sin topografi kan ikkje større bruk og auka produktivitet kompensere for nedgang i tal gardsbruk. Det tyder på at vi i større grad må oppretthalde tal gardsbruk for å halde oppe produksjonen, og då er rammevilkåra avgjerande.

Mål om kostnadseffektiv matproduksjon må ikkje overstyre måla om mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Dersom ein skal legge til rette for landbruk over heile landet, kan ikkje alltid kostnadsomsyn gå føre. Små og mellomstore bruk må takast i vare og det må produserast trygg mat på ein berekraftig og klimavenleg måte. Som ledd i dette må vi ha eit regionalt regelverk som tek omsyn til strukturen og ressursgrunnlaget i fylka. Investeringar må tilpassast behovet i ulike fylka.

Fylkesrådmannen legg i si tilråding elles vekt på prioriteringane i Regional plan for verdiskaping, Regionalt bygdeutviklingsprogram og det arbeidet som er gjort saman med partnerskapen gjennom innspel til jordbruksforhandlingane. Vurderingane frå kap. 3 i saksframstillinga er summert opp i vedtakspunkta.